



Bjørnar Gjerde Eik syner fram litt av all frukta som er hausta i 2019.

Kvalitet og personleg kontakt med kunden er avgjerande for god omsetnad av eple frå Steinsletto. Bjørnar Gjerde Eik er enno ein gong godt nøgd med eplehaustinga. Heile fem tonn eple av ulike sortar er komne i hus. Mykje er alt seld. Det er rett nok før sortering. Ikkje alt er salsvare, men volumet er om lag det same som i 2018.

Eik og Steinsletto er dei plassane i Uskedalen som held fram tradisjonen med fruktdyrking som attåttnæring. I tida både før og etter krigen var det mykje frukt både på Rød, Myklebust, Neset og i Myro. Olav A. Myklebust dreiv med frukt i heile sitt yrkesaktive liv. Johannes Rød var også ein ivrig fruktdyrkar. Eldre bilete syner at det var store frukthagar i sentrum, både på Neset og i Myro.

Den ideelle plassen i dag er Eik og Steinsletto med frukthagar som ligg på kote 50, om lag 40 - 50 meter over havet. Her finn du lune parti med varme på dagen og noko kjølegare på natta. Variasjon i temperaturen i løpet av døgeret er ein av fleire faktorar som fører til god hausting.



Fem tonn eple er hausta på Steinsletto i år. Det er før sortering.

Sal av hausteple som Discovery og Prins er unnagjord. I tida fram til jul er sortane Aroma, både vanleg Aroma og Raud Aroma. Seinare kjem vintereple som Elster. Epla vert selde i 1. og 2. sortering. Eple av sorten Elster er plukka for to veker sidan og sett på lager i den gamle løekjellaren. Plassen er ideell for lagring, - ikkje for varmt, ikkje for kjøleg og ikkje for turt.

Det er for det meste direkte sal heime på tunet eller ved torghandel. Bjørnar har mange faste kundar som tek direkte kontakt og finn vegen til Steinsletto for å henta eple. God skilting ved Fylkesvegen er viktig. I fjor kom det kundar like frå Bømlo. Dei fann fram til Eple frå Steinsletto på Facebook og ved å ta seg fram etter skiltinga. Nokre kjem oppom berre ved at dei ser skiltet ved hovudvegen.

På Eikevegen fram til Steinsletto ser du skiltet Eple frå Eik. Her er det også sal av eple, på bruket der Thomas Eik var fruktbonde i mange år. No er det dottera Liv Torunn og mannen som driv plassen og sel frukt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Magne Eik/ Kristian Bringedal



Omsetningen er for det meste ved direkte sal til kunden og ved torghandel (Arkivfoto).